

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet torsdag 03.11.2011 kl. 14.00 i formannskapsalen

SAKLISTE:

- Sak 26/11 - Godkjenning av møtebok frå møte 22.06.2011
- ” 27/11 - Orienteringssak om roller i kommunen med hovudvekt på kontrollutval, revisjon og rådmann
- ” 28/11 - Eventuell møteplan
- ” 29/11 - Mulige tema for kontrollutvalet
- ” 30/11 - 2. tertialrapport 2011 Sykkylven kommune (Saksdokument blir ettersendt)

Eventuelt

Møtet er å rekne som eit oppstartmøte med drøfting av tema som kontrollutvalet kan ha ønske om. Det er derfor lite saksdokument til dette møtet.

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Odd Jostein Drotninghaug
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 05.09.2011.2011, kl.14.30

Møtestad: Advokat Kvammens møterom

Møtet vart leia av: Rolf Bergmann

Desse deltok:

Rolf Bergmann, Torild Hole og Steinar Myrseth

=3 voterande

Frå Sykkylven kommune møtte ordførar Jan Kåre Aurdal

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 25/11

VEDK. FULLMAKTER VED RENTEBYTEAVTALAR JF PS 63/11

Saksutgreiing datert 05.09.2011 frå kontrollutvalsekretariatet.

På bakgrunn av ovenstående blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak :

Kontrollutvalet er samd i dei vurderingane som kjem fram i saksdokumentet og har saka til observasjon.

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

Torild Hole
medlem
(sign.)

Steinar Myrseth
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 26.11.2011

**SAK 30/11
ØKONOMISK RAPPORTERING ETTER 2. TERTIAL 2011**

Formell bakgrunn for rapportering

Av budsjettforskriftene §10 går følgende fram:

”Administrasjonssjefen, eventuelt kommune- eller fylkesrådet, skal gjennom budsjettåret legge fram rapporter for kommunestyret eller fylkestinget som viser utviklingen i inntekter og innbetalinger og utgifter og utbetalinger i henhold til det vedtatte årsbudsjett. Dersom administrasjonssjefen eller kommune- eller fylkesrådet finner rimelig grunn til å annta at det kan oppstå nevneverdige avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportene til kommunestyret eller fylkestinget foreslås nødvendige tiltak”

Av kommentarane til § 10 går det fram at det skal skje rapportering til kommunestyret om den faktiske utviklinga i inntekter og utgifter sett i forhold til dei inntektene og utgiftene som er ført opp i årsbudsjettet. Rapporteringa skal skje med jamne mellomrom og minimum to gongar i året. Ved tilstrekkelege avvik skal det settast i verk tiltak. Med tiltak blir det meint ikkje berre justeringar av dei oppførte inntektene og løyvingane som er nødvendige for å sikre/oppretthalde kravet om balanse i årsbudsjettet, men også mulige tiltak innanfor budsjetttrammene som t.d. å endre innhald i det kommunale tenestetilbodet.

Generelt sett bør kommunane fastsette reglar for omfang og hyppigheit av rekneskapsrapportering i løpet av året. Det bør også gå fram kva nivå det skal rapporterast på. Dei ulike nivåa bør få rekneskapsrapportering på sitt respektive nivå. Kommunestyret må få rapportering på same nivå som det vedtekne budsjettet. Det bør også føreligge eit system for periodisering av utgifter og inntekter.

Når det gjeld investeringsbudsjettet, så bør rapporteringa også innehalde verbale kommentarar til forskyvingar som følgje av tidleg eller sein byggestart, framdrift, kostnadsoverslag, finansieringsplan og løyvingar. Det bør også lagast eigna rapportar for prosjekt som går over fleire år.

Dersom kommunestyret skal få tilstrekkeleg oversikt, bør rapportering gjerast med same spesifikasjonsgrad som kommunestyret sitt budsjettvedtak med budsjettskjema 1A, 1B, 2A og 2B (driftsbudsjettet-og investeringsbudsjettet).

Vedkomande framlagte rapport

Prognosene for 2011 viser eit overskot på omlag 3 mill. kroner. I denne summen er ikkje medteke årets auke i den negative marknadsverdien på swapsjonane på om lag 7,6 mill. kroner ved utgangen av august. Dersom denne talverdien blir teken med, vil dette endre prognosane negativt.

I rapporten kjem det til uttrykk nokre synspunkt som eg ikkje vil kommentere nærare, men gjengi dei i denne saka:

Sykkylven kommune har to swapsjonsavtalar der negativ marknadsverdi er utgiftsført.

Det betyr at negativ marknadsverdi per 31.12.10 er utgiftsført i rekneskapan for år 2010 mot seinare inntektsføring.

Denne føringa medfører inga utbetaling frå kommunen. Det som er utgiftsført skal inntektsførast i seinare år. Resultatet over avtaleperioden er 0.

Rapporten viser til to rekneskapsresultat i 2010 - eit lagt fram av rådmannen og eit vedteke rekneskapsresultat.

Det går vidare fram av rapporten: *Sykkylven kommune har på mange måtar "to underskot."*
Det går også fram av rapporten at kommunen har sjølvdekkjande underskot.

Det blir vist til ovanstående. Med utgangspunkt i dette legg ein saka fram for kontrollutvalet utan forslag til vedtak.

Harald Rogne
dagleg leiar



Dato: 28.09.2011
Arkivref: 2011/255-8632/2011

Saksbeh.: Arild Bergström

Saksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet Kommunestyret	

Rapportering etter 2. tertial (august 2011) - Høvet mellom budsjett og prognose

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret tek rapport etter 2. tertial til vitande.

Det vert gitt tilleggsøyving kr 800 000 til Sykkylven bu- og aktivitetssenter og kr 500 000 i tilleggsøyving til Tekniske tenester. Løyvingane, til saman kr 1 300 000 vert finansiert med auke i frie inntekter.

Kommunestyret vedtek å søke Kommunal- og regionaldepartementet om forlenging av inndekkingstida vedkomande underskot utover 4-årsgrensa i kommunelova § 48 nr 4. Ordførar og rådmann får i fullmakt å sende søknad.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det vert synt til budsjettvedtaket for år 2011, K-sak 103/10:

10. Kommunestyret forventar at administrasjonen legg fram for formannskap månadleg oversikt over utviklinga i kommuneøkonomien samanlikna med budsjettet. Kommunestyret vert informert tertialvis i høve til møteplan.

Saksopplysning

I samsvar med budsjettvedtaket har formannskapet fått seg førelagt rapportar etter utgangen av kvar månad utanom "feriemånadene" . I desse rapportane har det også vore prognosar for året.

Då dette er den andre rapporten som også går til kommunestyret, men ein vil likevel gå litt nærare inn på føresetnader modellen som er nytta, bygg på:

Kommunen bruker prognoseverktøyet Exie for å rapportere forbruk hittil i år og for å lage prognosar for resten av året.

Dette er tredje året vi køyrer Exie fullt ut og rådmannen har observert gledeleg auke i kvaliteten på prognosearbeidet i einingane. Jf, fjoråret der prognosa heldt god kvalitet.

Rådmannens rapport til formannskap og kommunestyret bygg på einingsleiarane sine prognosar. Slik må det vere, det er i einingane ein har føresetnad for å prognostisere drifta resten av året.

Om prognoseløysinga:

Sentralt fastsett prognose:

Frå rådmannen si side er det med utgangspunkt i årsbudsjettet laga til ein Sentralt fastsett prognose (Automatisk prognose).

Manuell prognose: (Einingprognose):

Einingane går så inn og korrigerer den automatiske prognosen for tilhøve som eininga kjenner til. Dette vert Einingprognose (Manuell prognose)

For kvar månad er det dermed også ein prognose frå eininga for netto forbruk eller netto inntekt. Når månaden er over, er prognosen for den månaden uinteressant og vert erstatta av reelt forbruk.

Syner rekneskapsrapporten for ein månad der det er rekna med effekt av eit tiltak at eininga ikkje klarte målet, må eininga på nytt gå inn og sjå på kva som skal til for å kome i balanse på årsbasis.

Alle resultat vert synt i tabellar og som grafisk framstilling.

Då kommunestyret som sak 33/11 behandla rapport og prognose per april, vart det gjort slikt vedtak:

- 1 Rekneskapsrapport etter første tertial og prognose for året vert teken til vitande.
- 2 Alle einingar må ved neste rapportering legge fram tiltak som gjer at dei kan halde driftsrammene sine for budsjettåret.

Kontrollutvalet har bede om at rapporten vert sett opp etter same format som kommunestyrets budsjett. Dette har ein freista imøtekome ved at ein først syner Budsjettkjema 1 A som syner kommunestyret si

fastsette inntektsside korrigert for finanstransaksjonar, avsettingar og overføring til investeringsbudsjettet.

Budsjettskjema 1 A syner til slutt kor mykje kommunestyret har fordelt netto til einingane (Til fordeling drift)


Dette vert sett i høve til einingane sine prognosar (Sum fordelt til drift, Skjema 1B).

Vurdering

Budsjettskjema 1 A:

	KORR B 2011	PROGNOSE 2011	AVVIK
Skatt på inntekt og formue	146 934 999	147 700 645	765 646
Ordinært rammetilskot	173 579 292	176 100 199	2 520 907
Skatt på eigedom			
Andre direkte eller indirekte skattar	120 000	120 000	
Andre generelle statstilskot	12 162 000	11 670 598	-491 402
Sum frie disponible inntekter	<u>332 796 291</u>	<u>335 591 442</u>	<u>2 795 151</u>
Renteinntekter og utbytte	8 126 000	12 135 506	4 009 506
Gevinst finansielle instrument (Omløpsmidlar)			
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	15 489 000	19 200 204	3 711 204
Tap finansielle instrument (Omløpsmidlar)			
Avdrag på lån	12 137 000	12 137 000	
Netto finansinntekter/-utgifter	<u>19 500 000</u>	<u>19 201 698</u>	<u>-298 302</u>
Til dekning av tidl. års rekneskapsm. meirforbr.	9 662 500	9 662 500	
Til ubundne avsettingar			
Til bundne avsettingar	210 000	510 000	300 000
Bruk av tidl. års rekneskapsm. mindreforbruk			
Bruk av ubundne avsettingar			
Bruk av bundne avsettingar	560 044	1 108 869	548 825
Netto avsettingar	<u>9 312 456</u>	<u>9 063 631</u>	<u>-248 825</u>
Overført til investeringsrekneskap/-budsjett	7 396 800	7 396 800	
Til fordeling drift	<u>296 587 035</u>	<u>299 929 313</u>	<u>3 342 278</u>
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	<u>-296 587 035</u>	<u>-296 897 894</u>	<u>-310 859</u>
Mindreforbruk/Meirforbruk (-)		<u>3 031 419</u>	<u>3 031 419</u>

Rekneskap hittil i år og prognosar:



Akkumulerte tal	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
Sentralt fastsett prognose	14 041 946	7 412 407	22 222 627	8 525 315	19 111 393	-20 166 401	-10 640 586	-17 518 322	1 507 632	-7 625 725	4 664 158	0
Rekneskap	16 200 744	12 489 513	19 342 485	7 583 677	16 750 252	-23 868 376	-20 688 633	-9 644 111				
Sum prognose frå einingane	16 200 744	12 489 513	19 342 485	7 583 677	16 750 252	-23 868 376	-20 688 633	-9 644 111	-1 836 795	-9 626 870	-5 722 183	-3 031 329

Netto utgift per eining:

	Rev.årsbud	Årsprognose	Avvik
1.100 KOMMUNESTYRE	7 242 687	6 525 887	716 800
1.110 FINANSIERING	-328 481 992	-331 918 048	3 436 056
1.301 VIKEDALEN BARNEHAGE	4 847 347	4 845 808	1 539
1.302 VIK BARNEHAGE	4 285 187	4 247 508	37 679
1.304 JARNES BARNEHAGE	0	197	-197
1.305 TANDSTAD BARNEHAGE	2 792 954	2 715 318	77 636
1.306 PRIVATE BARNEHAGAR	19 342 541	19 342 914	-373
1.307 BLAKSTAD BARNEHAGE	3 676 087	3 703 716	-27 629
1.308 ULLAVIK BARNEHAGE	5 369 963	5 538 920	-168 957
1.309 ADMINISTRASJON BARNEHAGAR	3 667 312	3 600 113	67 199
1.310 SØRESTRANDA SKULE	0	3 414 079	-3 414 079
1.311 AURE SKULE	10 369 474	10 315 144	54 330
1.312 HUNDEIDVIK SKULE	2 207 535	2 145 495	62 040
1.313 JARNES SKULE	7 409 753	3 750 631	3 659 122
1.315 TANDSTAD SKULE	5 392 131	5 262 640	129 491
1.316 ULLAVIK SKULE	8 098 265	8 033 406	64 859
1.317 VELLEDALEN SKULE	3 148 300	3 244 634	-96 334
1.318 VIK SKULE	7 554 066	7 425 958	128 108
1.319 FELLESUTGIFTER BARNESKULAR	3 792 956	3 735 659	57 297
1.320 UNGDOMSSKULE/VAKSENOPPLÆRING	23 537 837	23 202 212	335 625
1.330 BUAS	42 190 747	43 037 168	-846 421
1.338 HEIMETENESTENE DISTRIKT	19 815 989	19 890 316	-74 327
1.340 BARNE- OG FAMILIETENESTER	45 305 433	44 975 980	329 453
1.341 LEGAR OG FYSIOTERAPEUTAR	8 709 760	8 946 732	-236 972
1.350 KULTUR	8 855 191	8 911 889	-56 698
1.351 KYRKJA	3 620 000	3 683 181	-63 181
1.370 NAV KOMMUNE	4 232 747	4 232 746	1
1.400 NÆRINGS- OG UTVIKLINGSUTVALET	600 000	600 051	-51
1.410 TEKNISKE TENESTER	43 310 029	43 875 592	-565 563
1.510 RÅDMANNSTEAMET	14 635 137	14 373 524	261 613
1.522 FELLESTENESTENE	14 472 564	15 309 221	-836 657
SUM TOTALT	0	-3 031 419	3 031 419

Gruppering av einingar:

Kommunestyre og finansiering:

	REV.ÅRSBUD	ÅRSPROGNOSE	AVVIK
1.100 KOMMUNESTYRE	7 242 687	6 525 887	716 800
1.110 FINANSIERING	-328 481 992	-331 918 048	3 436 056
SUM	-321 239 305	-325 392 161	4 152 856

I samsvar med regelverket er alle utgifter vedkomande inngått sluttpakke belasta rekneskapen for år 2011 ved at den delen av sluttpakken som vert utbetalt i år 2012 er belasta rekneskapen ved at summen er lagt inn som bruk av reservert løyving; 1.100 Kommunestyre der reserverte løyvingar står.

Momskompensasjon frå investering er også i år ein usikker post. Per dato ligg inntektene etter plan. Ein veit at det i samband med ferdigstilling av Sørestranda skule vil kome inn store fakturaer. Også vedkomande investeringar i regi av teknisk vil det kome inn store inntekter.

Mindreinntekt her vil i røynda vere ei forskyving av inntekt til neste år. I prognosen er inntekt sett lik budsjett.

Barnehagar:

	REV.ÅRSBUD	ÅRSPROGNOSE	AVVIK
1.301 VIKEDALEN BARNEHAGE	4 847 347	4 845 808	1 539
1.302 VIK BARNEHAGE	4 285 187	4 247 508	37 679
1.304 JARNES BARNEHAGE	0	197	-197
1.305 TANDSTAD BARNEHAGE	2 792 954	2 715 318	77 636
1.306 PRIVATE BARNEHAGAR	19 342 541	19 342 914	-373
1.307 BLAKSTAD BARNEHAGE	3 676 087	3 703 716	-27 629
1.308 ULLAVIK BARNEHAGE	5 369 963	5 538 920	-168 957
1.309 ADMINISTRASJON BARNEHAGAR	3 667 312	3 600 113	67 199
SUM	43 981 391	43 994 494	-13 103

Skular:

	REV.ÅRSBUD	ÅRSPROGNOSE	AVVIK
1.310 SØRESTRANDA SKULE	0	3 414 079	-3 414 079
1.311 AURE SKULE	10 369 474	10 315 144	54 330
1.312 HUNDEIDVIK SKULE	2 207 535	2 145 495	62 040
1.313 JARNES SKULE	7 409 753	3 750 631	3 659 122
1.315 TANDSTAD SKULE	5 392 131	5 262 640	129 491
1.316 ULLAVIK SKULE	8 098 265	8 033 406	64 859
1.317 VELLEDALEN SKULE	3 148 300	3 244 634	-96 334
1.318 VIK SKULE	7 554 066	7 425 958	128 108
1.319 FELLESUTGIFTER BARNESKULAR	3 792 956	3 735 659	57 297
1.320 UNGDOMSSKULE/VAKSENOPPLÆRING	23 537 837	23 202 212	335 625
SUM	71 510 317	70 529 858	980 459

Overskridingane på Sørestranda skule må sjåast i samanheng med innsparinga på Jarnes skule. Dette vil bli retta innbyrdes.

Helse og sosial:

	REV.ÅRSBUD	ÅRSPROGNOSE	AVVIK
1.330 BUAS	42 190 747	43 037 168	-846 421
1.338 HEIMETENESTENE DISTRIKT	19 815 989	19 890 316	-74 327
1.340 BARNE- OG FAMILIETENESTER	45 305 433	44 975 980	329 453
1.341 LEGAR OG FYSIOTERAPEUTAR	8 709 760	8 946 732	-236 972
1.370 NAV KOMMUNE	4 232 747	4 232 746	1
SUM	120 254 676	121 082 942	-828 266

Einingsleiar Barne- og familietenestene har gitt slike kommentarar:

Grunna langtidssjukemeldingar og vakante stillingar har vi mindreforbruk på lønsbudsjettet (adm. barne- og familietenestene, helsestasjonen, ppt og psykisk helseteam).

Butenestene viser meirforbruk, og fagleiarane har i eige notat til rådmannen orientert om deira vurdering i høve auka behov. Ein har på Klokkehaugen no tre brukarar med behov for tilsyn på natt, dvs. tilsyn i større omfang enn nattpatroljen kan tilby. Ein av desse har også behov auka ressurs på dagtid og helg.

For resten av 2011 vil dette medføre auka utgifter med om lag kr. 510 000. Grunna brukar med funksjonstap av medisinske årsaker og dermed auka omsorgsbehov, har ein også meirforbruk ved Krikane.

Ved hjelp av mindreforbruk i dei andre tenestemråda i barne- og familietenestene vil ein truleg i 2011 kunne dekkje opp for meirforbruk i butenestene. Men prognosen er høgst usikker, og tek kun høgde for alt iverksette tenester. Dette vil krevje sterk styring og budsjettkontroll for resten av budsjettåret. Dette er ekstra utfordrande i tenester der uforutsette hendingar skjer ofte og då som regel med store økonomiske konsekvensar. Situasjonen er også urovekkjande med tanke på komande budsjettår. Ein kan ikkje rekne med at mindreforbruket i resterande del av barne- og familietenestene held fram.

Tekniske tenester:

	REV.ÅRSBUD	ÅRSPROGNOSE	AVVIK
1.410 TEKNISKE TENESTER	43 310 029	43 875 592	-565 563

Tekniske tenester har spesielt kommentert reinhald, jf ønskje frå formannskapet:

Gjennomføring av reduksjon i reinhaldskostnadane skulle gjerast ved i svært liten grad å nytte vikarar når folk var sjuke, og med slike nærare spesifikasjonar:

1. Ungdomskulen, Vik skule, Ullavik skule, Aure skule, Velledalen skule og Vikedalen barnehage fekk redusert reinhaldet frå 5 dagar i veka til 4 dagar i veka.
2. Reinhaldet på Symjehallen vart redusert frå 5 til 4 reinhald pr veke. (Ikkje reinhald onsdag)
3. Vestibyla i kulturhuset vart redusert til 1 reinhald pr veke.
4. Alle kontor vart redusert frå 1 reinhald pr veke, til 1 reinhald anna kvar veke, men på helse og sosial 2 reinhald pr veke på helsesøsterkontora og toalett.
5. Dagsenter Haubukta vart redusert til 1 reinhald pr veke.
6. Buas: Reinhald av stove kjøkken og rom på Kort rehab og Skjerma man, ons og fredag. (Før; vask av enkelte rom, stove og kjøkken 5x pr veke)
Stovene og kjøkkena på Sone 1,2 og 3 redusert frå 5 reinhald, til 3 reinhald pr veke.
Ytre korridorar som før, 2 reinhald pr veke.

Lokala til heimetenestene og Stavekollen skulle også få reinhald som før, pga desse areala hadde spesielt lite reinhald frå før.

Totalt vart desse reduksjonane berekna å utgjere ca 55 arbeidstimar pr veke, eller ca 50.000 pr mnd.

Pga. høvesvis stort sjukefåvære, har vi "fått" ekstra midlar ved sjukepengrefusjonar, og eininga ynskjer no å kunne auke opp att slik kontora (ref. pkt. 4) får reinhaldsfri kun kvar 3. veke. For Dagsenteret (ref. pkt. 5) tilbake til normalt reinhald. For BUAS (ref. pkt.6) vert det prioritert opp reinhald på lokala til Stavekollen (2x veke). Generelt vil vi prøve at sanitærrom får noko betra reinhald enn kva som har vore sist periode.

Endringane er innarbeidd i rapporten pr. august, der vektinga for prognosa pr. no at byggvedlikehald går ca i "0".

Samla exie-prognose for teknisk syner pr. 16.09.11 kr - 695.091,- Denne er p.t. ikkje så oppdatert som kanskje kunne vere ynskt. Her er det t.d. ikkje inntekte midlar i høve lønsoppgjeret, av dykk talfesta til kr 129.528. Vidare er der for mellombels tilsett som arbeider med adressering og planarkiv, ikkje overført midlar frå investeringsbudsjettet, jf. prosjekt etter fsk-sak 6/11 (dok. 10/869-453/11).

For veg er som den store uvissa knytt til vedlikehaldskostnadane. Årsprognosa er pr. no satt opp med ei restutgift ut året på kr 560.000,-. Flaum/snø kan fort skiple dette, jf. at eitt døgn m/ samanhengande snøfall gir utgift på godt kr 100.000,-.

Samla prognose tekniske tenester vurderer eg likevel til **- kr 600.000.**

Teknisk syner til manglande overføring av midlar vedkomande lønnsoppgjjer. I tabellane som er teke inn i denne saka er midlar vedkomande lønnsoppgjjer overført til einingane.

Sams administrasjon:

	REV.ÅRSBUD	ÅRSPROGNOSE	AVVIK
1.510 RÅDMANNSTEAMET	14 635 137	14 373 524	261 613
1.522 FELLESTENESTENE	14 472 564	15 309 221	-836 657
SUM	29 107 701	29 682 745	-575 044

Einingsleiar Fellestenestene har gitt slike kommentarar:

1.522.5306 IKT syner ei prognose på meirforbruk 700 000 kr i 2011. Eg har gjennomgått rekneskapen med Bjørg og vi finn ikkje store avvik ført utanom dei faste utgiftene.

Ein faktura frå Ålesund Regionale Utviklingsselskap på 77 843 kr er ny av året - tilvist av kommuneleiinga.

Ein anna faktura er frå PC Support og gjeld IKT konsulent mai/juni, samt Re-Installasjon skule - totalt kr 189 200, dette kan vere det skal fordelast noko på investering og noko skal dekkjast med overføring frå 1.522.5220 Fellestenestene som dekkjer lønn IKT.

Det ser uansett ut for at 1.522.5306 er underbudsjettert. I samarbeid med Bjørg held vi no på å lage ei oversikt på dei faste utgiftene innan IKT for 2011. Vi har eit utgangspunkt frå 2009.

1.522.5202 Annonsering - denne er også underbudsjettert. Dette visste vi når vi gjekk inn i 2011.

Iflg. rekneskapen har vi kr 30 000 igjen på budsjett. Prognose sei eit overforbruk på kr 60 000 - eg er redd denne vil bli omlag 100 000 dersom vi følger vanleg prosedyre for annonsering ut året.

Tiltak er evt. å stoppe nesten all avisannonsering ut 2011. Annonsering kan skje via heimesida vår og vår "Facebook konto". I tillegg har vi gratis annonsering på stillingar via NAV.

1.522.5400. Andre fellesutgifter - jobbar med oversikt på rekneskap vs. prognose. Har eit minus på ca. 260 000 kr.

Negative marknadsverdiar vedkomande swapsjonar.

Sykkylven kommune har to swapsjonsavtalar der negativ marknadsverdi er utgiftsført.

Dette betyr at negativ marknadsverdi per 31.12.10 er utgiftsført i rekneskapen for år 2010 mot seinare inntektsføring.

Denne føringa medfører inga utbetaling frå kommunen. Det som er utgiftsført skal inntektsførast i seinare år. Resultatet over avtaleperioden er 0.

Problemet kommunen fekk ved utgiftsføringa i år 2010 og kan få i år 2011 er at den negative marknadsverdien medfører at kommunen får vanskar med å betale ned tidlegare års underskot grunna at overskotet på drifta går med til å dekke endring i negativ marknadsverdi og ikkje til å dekke tidlegare års underskot.

Dette kan visast slik:

Rekneskap år 2010 framlagt av rådmannen:

RESULTAT	SUM
Driftsoverskot	4 937 327,48
Oppdekking av underskot år 2008	- 4 937 327,48
Resultat	0

Vedteken rekneskap år 2010:

RESULTAT	SUM
Driftsoverskot	4 937 327,48
Utgiftsføring finansielle instrument	- 11 235 133,00
Resultat (underskot)	- 6 297 805,52

Utgiftsføringa fjerna høvet til å dekke tidlegare års underskot.

Budsjett år 2011:

RESULTAT	SUM
Driftsoverskot iflg budsjett	9 662 500
Oppdekking av underskot år 2008	- 9 662 500
Resultat (overskot)	0

Den negative marknadsverdien på dei to finansielle instrumenta var per 31.12.10 kr 11 235 133. Ved utgangen av august, grunna marknads forventning om nedgang i dei lange rentene, var den negative marknadsverdien kr 18 857 915 – ein auke på kr 7 622 782.

Vi veit ikkje den negative marknadsverdien per 31.12 i år, men dersom vi legg verdien ved utgangen av august til grunn, får vi slikt resultat:

RESULTAT	SUM
Driftsoverskot iflg budsjett	9 662 500
Auke i negativ marknadsverdi	- 7 622 782
Oppdekking av underskot år 2008	- 2 039 718
Resultat (overskot)	0

Auken i negativ marknadsverdi reduserer høvet til å dekke tidlegare års underskot.

Sykkylven kommune har på mange måtar "to underskot"

- Underskot som er skapt i drift og skal dekkast over drift.
- Underskot som er skapt av endringar i finansielle instrument og som er sjølvdekkande ved seinare attendeføring.

Dette skapar eit problem. Det "sjølvdekkande" underskotet kan bli dekkast inn over ein lengre tidshorisont enn vi har til rådvelde.

Underskot år 2008 skal etter hovudregelen dekkast over to år – 2009 og 2010. Bruker kommunen 4 år vert kommunen meldt inn i Robek.

Kommunelova § 48 nr 4:

4. Underskudd på årsregnskapet som ikke kan dekkes på budsjettet i det år regnskapet legges fram, skal føres opp til dekning i det følgende års budsjett. Under særlige forhold kan kommunestyret og fylkestinget, etter å ha foretatt de nødvendige endringer i økonomiplanen, vedta at underskuddet skal dekkes over inntil ytterligere to år. I tilfeller der de samfunnsmessige og økonomiske konsekvensene av at kommunen eller fylkeskommunen skal dekke underskudd etter første og annet punktum vil bli uforholdsmessig store, kan departementet godkjenne vedtak om at underskuddet dekkes over mer enn fire år. Underskudd kan likevel ikke dekkes over mer enn ti år.

Vi kan risikere at endringa i negativ marknadsverdi vert så stor at vi ikkje maktar å dekke noko av underskot år 2008 no i år 2011. I så fall må heile underskotet for år 2008 – kr 21 253 838,15 førast opp til dekking i år 2012. I Økonomiplanen/Forpliktande plan for inndekking av underskot er det ført opp kr 11 591 165. Dekkjer vi ikkje noko i år 2011 må denne summen aukast med kr 9 662 500.

Etter rådmannens vurdering vil dette medføre:

Uforholdsmessige samfunnsmessige og økonomiske konsekvenser

Kommunen bør derfor etter rådmannens vurdering, søke departementet om forlenging av fireårsperioden for underskot år 2008. Konsekvensane av ev å måtte dekke heile underskot år 2008 i år 2012 vil vere dramatiske.

Økonomiske konsekvensar

Samla sett rapporterer driftseiningane ein prognose med mindreforbruk på kr 3 031 419. Deler av dette ligg nok innanfor feilmarginane til prognosen.

Situasjonen innan einskilde einingar gir likevel grunn for bekymring:

	Rev.årsbud	Årsprognose	Avvik
1.330 BUAS	42 190 747	43 037 168	-846 421
1.410 TEKNISKE TENESTER	43 310 029	43 875 592	-565 563
1.522 FELLESTENESTENE	14 472 564	15 309 221	-836 657
	99 973 340	102 221 981	-2 248 641

BUAS:

Rådmannen har hatt fleire møte med Buas vedkomande budsjettsituasjonen. Det er utført eit stort arbeid i eininga med gjennomgang av turnusar, men effekten får sjølvstekt heilårsverknad først til neste år.

Det er tidlegare i år gitt ei tilleggsøyving på kr 1 000 000 ut frå eit forventa behov på kr 1 500 000.

Det står i budsjettvedtaket:

Når det gjeld budsjettmessige konsekvensar for dagsenteret og Jettegryta kafe, vil kommunestyret og kome attende til det i februar møtet. Drifta skal såleis halde fram som før.

Utgangspunktet for dette var ei formannskapsinnstilling på kr 1 500 000 i tillegg til ramme. I februar møtet 2011 vart det løyvd 1 000 000.

Rådmannen er innstilt på å gi eininga ei tilleggsøyving på kr 800 000. Dette vert føreslege finansiert med auka skatteinngang/rammetilskot.

Teknisk:

Situasjonen er kjend for kommunestyret. Rådmannen siterer frå rapport per april:

FELLES (410):

For områda 4100 (felles adm. teknisk), 4102 (byggesak) og 4103 (oppmåling) tilseier prognosa pr. dato eit meirforbruk/mindreinntekt som samla utgjer ca kr 260.000, der større del er relatert til manglande gebyrinntekter (plan/oppm./bygges.). Utover å halde forbruket nede, vert det valt å sjå ann inntektssida noko vidare ut i året, slik det til denne rapporteringa vert valt å justere til "balanse". Tiltak:

- Minimalisering av vidare forbruk. Å tru at gebyrinntektene tek seg opp.

VEGAR (4160):

Etter sak 6/11, NU 26.01.11 og FSK 21.02.11, vart det vedteke å halde fram med å gjennomføre brøytinga i samsvar med dei vedtekte retningslinene.

I saka vart det reservert kr 1,4 mill til vintervedlikehald og kr 0,9 mill til sommarvedlikehald.

I første halvår -11 er det nytta 1,9 mill til vintervedlikehald. Dvs. 0,5 mill meir enn heile årsprognosa.

Kor mykje som vil gå med i 2. halvår, er uvist. I -10 vart det nytta t.d. ca 0.9 mill. , medan eit meir gjennomsnittleg forbruk siste åra tilseier 0,5 mill. Dette siste vil gi ein påreknleg meirkostnad for år 2011 på ca kr 1 mill., men kan sjølvstekt verte både større og mindre.

For månadane juni-juli-august-september var det meint å nytte ca kr 200.000 pr mnd. til sommarvedlikehald.

I prognosa knytt til rapportering pr. april er dette no redusert til kr 25.000 pr månad. I praksis vil dette seie at det ikkje vert utført sommarvedlikehald av vegane i år f.o.m. juni månad. Til tross for dette "ender ein opp" med eit negativt avvik for dei kommunale vegane, sjå og sluttkommentaren.

Oppsummerte tiltak vedk. kommunevegane:

- Å endre reglane for når det skal brøytast
- At ein tek opp igjen saka om å legge ned / å overføre kommunale vegar til private.
- Å ikkje utføre sommarvedlikehald av vegane f.o.m. juni månad
- Budsjettendring. Dvs. styrking av budsjetttramma. Etter sak 6/11, pkt. 2 i vedtaket, gir større utgifter til vintervedlikehald grunnlag for vurdering av ei budsjettendring. Jf. her den påreknelege meirkostnaden på 1 mill.

BRANN OG REDNINGSKORPSET (4131):

Mindreforbruket som ligg inne pr. dato på kr 110.000 er høgst usikker og kan heller ikkje styrast. Årsummen til slutt vil kome av påført "aktivitet" pga. utrykkingar. Det mest trulege er fortsatt "balanse".

KOMMUNALE BYGG (4141):

Nivå på vedlikehald har vore og vil vere på eit minimum ut året. Det er knapt midlar til å utbetre det som vert skadd/øydelt. Det vert ikkje brukt midlar på driftsbudsjett til førebyggjande vedlikehald, oppussing eller tilpassing av lokale eller uteområde etter brukar sitt ønske. Budsjett til vedlikehald for heile 2011 er forbrukt pr mai. Etterslep på vedlikehald vil auke i løpet av året.

Ressurs til vaktmeistertjenester er på eit nivå som medfører ventetid for utbetring av sjølv mindre manglar. Sjukefråver innan reinhaldstjenester vert kun delvis erstatta med vikarbruk. Det er konstant ønske frå brukarane om auka reinhaldsressurs.

Energiutgiftene avheng både av pris og forbruk. Utetemperatur påverkar forbruket. Det er lagt opp til same nivå på energibruk som i 2010.

Det er lagt til grunn auka husleigeinntekt og redusert utgift (reinhald, energi m.m) ved eventuell utleige av Hundeidvik skule frå august.

Dersom kommunen vel å ta Sørestranda skule i bruk i år vil auke i driftsutgifter måtte kompenseras gjennom ei styrking av budsjettet. Det er dagens situasjon som er lagt til grunn ut heile året.

For å kome i balanse er dagleg reinhald ved skular, barnehagar, Buas og administrasjonsbygg redusert med kr 300.000. Konsekvens vert redusert frekvens av reinhald med fleire "reinhaldsfrie" dagar enn det som ligg i reinhaldsplanar i dag.

KONKLUSJON:

Eininga greier ikkje å kome i balanse. Rammene var ved årsbudsjettet alt i utgangspunktet svært stramme. Då er t.d. ein ekstra million til vintervedlikehald ei for stor ekstrautgift. At der i sak 6/11 var ei opning for budsjettstyrking i ein slik situasjon ein no er i, gjer at ein vel å avslutte rapporteringa pr. april i "ubalanse", jf. – kr 408975, der alt skuldast meirkostnadane på veg.

Både teknisk sine driftsproblem og tiltak som er sett i verk torer vere kjende for kommunestyret. Rådmannen innser at det er uråd å kome i hamn innan budsjetttrammene og innstiller på tilleggsføring kr 500 000.

Fellestene:

Det er spesielt ansvaret IKT som syner overskridding. Rådmannen er kjent med at eininga held på med gjennomgang der det spesielt ser på:

- Kva som skal førast på investering og kva som skal førast på drift
- Om felles EDB-utgifter er belasta med utgifter som høyrer heime i einingsbudsjetta.

Rådmannen vil ikkje kome med noko tilråding no, men avventar resultatet av dette arbeidet.

Ole-Johan Lillestøl
rådmann

Arild Bergström
økonomsjef